

Prosjektplan: Telejobb - vi surfar eldrebølgja

*- utvikling og marknadsføring av Vest-Telemark som ein felles bu-
og arbeidsmarknad*



Prosjektplan pr. januar 2012



vest-telemark
næringsforum

Samandrag

Telejobb - Vi surfar eldrebylgja -

Utvikling av Vest-Telemark som ein felles bu- og arbeidsmarknad

Prosjekt mål

Vest-Telemark står framfor ein svært utordrande situasjon i forhold til alderssamansettinga i regionens befolkning. Av landets 83 regionar, havnar Vest-Telemark på 9. nederste plass i høve til demografiske utfordringar. Behovet for å sikre rekruttering av kvalifisert arbeidskraft til både privat og offentleg sektor er større enn nokon gong i takt med at eldrebølgja skyller over regionen. For å møte utviklinga vil det vere heil naudsynt med ei offensiv utvikling og marknadsføring av Vest-Telemark som ein felles arbeidsmarknad. Det vil bli mange ledige jobbar i regionen, utfordringa er fyrts og fremst å skape ein attraksjon kring dette som gjer det aktuelt for unge menneske å flytte til og flytte attende. Dette er kjerna i prosjektet, og ønskast nådd gjennom følgjande hovudmål:

- Synleggjere mangfaldet og attraksjonen i Vest-Telemark som ein felles arbeidsmarknad. Oppdatere fagstoff og framskrivingar kring utvikling i arbeidsmarknaden.
- Sikre/auke tilfanget av kvalifisert arbeidskraft for private- og offentlege arbeidsgiverar i Vest-Telemark.
- Direkte arbeid mot arbeidsgiverar ifht. rekruttering. Synleggjere arbeidsgiverar for potensielle arbeidstakerar gjennom ulike informasjons- og marknadsføringsaktivitet.
- Vidareutvikle webbaserte marknadsverktøy knytt til nettstaden **www.telejobb.no**, som regionens viktigaste synleggjering av den regionale arbeidsmarknaden. Telejobb.no skal utviklast som ein del av Vest-Telemark portalen.
- Stimulere til kunnskap og attraksjon kring arbeidsmarknaden gjennom tilrettelegging av ulike profileringsarrangement, særleg retta mot ungdom.
- Sikre god integrasjon mellom arbeidsliv og offentleg arbeidsformidling (NAV)
- Sikre kommunikasjon og tilrettelegging for rekruttering av utanlandsk arbeidskraft, primært gjennom samarbeid med NAV Eures.

Nåsituasjon

Rekrutteringsprosjektet i Vest-Telemark vart etablert i 2007 i samband med strategisk næringsplan for Vest- Telemark 2007-2010. Etter 3 års virketid såg ein eit klart behov for å vidareføre arbeidet med å sikre arbeidsgiverar i Vest-Telemark kompetent arbeidskrav. Situasjonen har endra seg dei siste 3 åra. Finanskrisa i 2008/2009 har gjort jobbmarknaden meir nyansert. Det er likevel eit kontinuerleg behov for rekruttering av arbeidskraft, med varierende kompetansekrav.

I slutfasen av det fyrste prosjektet har ein i langt større grad blitt klar over utfordringane som ligg i alderssamansettinga blant arbeidstakerane i Vest-Telemark. Store etterkrigskull er på veg ut av arbeidslivet i pensjon. Alderskulla som skal erstatte dei er ikkje like store. Både innan privat og offentleg sektor vil det vere eit svært stort behov for ny arbeidskraft i tida framover. Vi kjenner til verksemder som i løpet av 5-10 år skal erstatte opp mot halvparten av arbeidsstokken. Dette skapar store utfordringar.

Alderssamansettinga i befolkninga er ikke særeigen for Vest-Telemark. Det betyr at alle delar av landet går inn i ein skjerpa konkurranse om kompetent arbeidskraft, som i ytterste konsekvens kan føre til svekka offentlege tensester og sviktande grunnlag for næringslivet. Vi går inn i "Norgesmeisterskapen i attraksjon", der framtidas arbeidskraft kan velge og vrake. I dette biletet ønskjer regionen å legge til rette for ei kraftig synleggjering av Vest-Telemark som ein felles arbeidsmarknad. Vi er overtydd om at ein må synleggjere arbeidsmarknaden i heile regionen for å trekke til seg inbyggerar der ofte to skal ha ein attraktiv jobb. Det er dessutan viktig å vise fram verksemder også når dei ikkje averterar konkrete jobbar. Mange planlegg med litt horisont, og kan med fordel etablere kontakt med ein eller fleire arbeidsgiverar i god tid før ein jobb blir ledig.

Prosjektet er vedtatt som ein del av strategisk næringsplan for Vest-Telemark 2011 - 2014. Prosjektet har vore gjennom ei konsoliderings- og forprosjektsfase i løpet av 2011. Det er no ønskeleg å sette prosjektet ut i fullskala

Prosjektbeskrivelse

Formell prosjektstart er tenkt umiddelbart etter godkjenning og klargjering av finansiering, juni 2011.

I korte trekk er følgjande aktivitetar planlagt i prosjektet:

- Administrasjon, vedlikehald og utvikling av Telejobb.no
- Utvikling av fagleg innhald i budskapet om arbeidsmarknaden i Vest-Telemark, herunder prognoser for framskriving av sysselsetting og folketalsutvikling.
- Bedriftskontakt (sjå utfyllande underpunkt seinare i prosjektplan)
- Kommunekontakt (sjå utfyllande underpunkt seinare i prosjektplan)
- Generell informasjons- og marknadsføringsverksemd knytt til telejobb.no
- Tilrettelegging for deltaking på NAV Eures arrangement (2-3 i løpet av prosjektperioden)
- Jobb- og yrkesmessa ved Vest-Telemark Vidaregåande skule - vidareutvikling av arrangementet som eit utstillingsvindaug for arbeidsmarknaden i regionen.
- Tilrettelegging - øvrige profileringsarrangement (som td. Vest-Telemark Treff).
- Vidareføring av integrasjon med NAV marknadsnettverkt - Vest-Telemark (3 møter per år)
- Tett samarbeid med Bygdelivsmeklaren kring fleire av informasjonsprosjekta.
- Rapportering/samarbeid - VT Råd og Næringslivet i kommunane.

Organisasjon

Vest-Telemark Næringsforum v/ dagleg leiar vil ha ansvar for å koordinere og gjennomføre arbeidet. Ein vil legge til rette for tett samarbeid med andre regionale utviklingsorgan som VTNU, Bygdelivsmeklaren, Vest-Telemark Resurssenter (VT VGS), NAV Marknadsnettverk Vest-Telemark.

Vest-Telemark Rådet er prosjekteigar- og styringsgruppe. Styret i Vest-Telemark Næringsforum samt Næringsgruppa i Vest-Telemark er referansegrupper.

Løpande rapportering og dialog med referansegruppene. Skrifteleg statusrapport til styringsgruppa 2 gonger per år, eller ved forespurnad.

Resursbruk

Prosjektet har ei samla kostnadsramme for 3 årsperioden på 1,7 mill kroner. Av dette bereknar VTNF ein eigendel på 300.000 kroner, som primært dekker ein del av bedriftskontakten samt enkelte administrative funksjonar.

Behovet for ekstern finansiering er 1,4 mill, fordelt på tre år.

Ein viser til detaljert budsjett for prosjektet, kap 7.

Forankring i regionale planverk

Strategisk Næringsplan for Vest-Telemark, 2011 - 2014

Mål 1: Oppretthalde og auke busetnaden i heile Vest-Telemark.

Satsingsområde:

- Vidareføre arbeidet med utvikling av regionens attraksjonskraft og bulyst.
- Gjennom samhandling og alliansar gjera Vest -Telemark til ein attraktiv region å bu og arbeide i.
- Vidareutvikle Vest -Telemark som ein attraktiv arbeidsmarknadsregion.
- Styrke regionens samla arbeidsmarknad, med synleggjering av moglegheitane i eigen og tilgrensande regionar.

Frå Telemark Fylkeskommune - Regional plan for nyskaping- og næringsutvikling 2011

Primærområde: Satsingsområde - 3.5 Attraksjonskraft

Langsiktig hovedoppgave: Videreutvikle og profilere mangfold og styrke

Sekundære satsingsområde:

Satsingsområde 3.3 - Innovasjonsmiljøer og samspillarenaer

Langsiktig hovedoppgave - Intensivere Nettverksbyggingen

Satsingsområde 3.4 - Næringsvennlig offentlig sektor

Langsiktig hovedoppgave - Utvikle gode vertskapsregioner

Innhold

Samandrag	2
<i>Prosjektmål.....</i>	2
<i>Nåsituasjon.....</i>	2
<i>Prosjektbeskrivelse.....</i>	3
1. MÅL OG RAMMER.....	6
1.1 <i>Bakgrunn</i>	6
1.2 <i>Prosjektmål.....</i>	9
1.3 <i>Rammer</i>	9
2. OMFANG OG AVGRENSNING	9
3. ORGANISERING	10
3.1 <i>Prosjektledelse</i>	10
3.2 <i>Øvrige roller.....</i>	10
4. BESLUTNINGSPUNKT	10
4.1 <i>Beslutningspunkt</i>	10
5. RISIKOANALYSE OG KVALITETSSIKRING.....	11
5.1 <i>Kritiske suksessfaktorer</i>	11
6. GJENNOMFØRING	11
6.1 <i>Hovedaktiviteter.....</i>	11
7. ØKONOMI.....	13


PROSJEKTPLAN

1. MÅL OG RAMMER

1.1 Bakgrunn

Arbeidsmarknaden er i endring. I Vest-Telemark har vi dei seinaste åra sett ei klar utvikling i at folketalet samla sett går ned. Dette skjer samstundes med at ein aukande del av arbeidsstokken går ut i pensjon.

Figuren under viser utvikling i årskull for Norge:




Som ein ser av grafen auka årskulla i Norge i etterkrigstida frå omlag 45.000 per år til opp mot 70.000 per år. Fram mot starten på 1970 talet vedvarte denne utviklinga, før ein i ein lengre periode kom ned mot fødselstal på 50.000 per år. På landsbasis tok dette seg noko opp etter 1990, og dei siste åra er ein opp mot nivåa frå etterkrigstida. I 2011 ligg det an til rekord sidan 1970 med 64.700 levandefødte born i Norge.

I rekrutteringssamanheng ser vi ein klar tendens i at det mest stabile arbeidskrafta er den med tilhøyrighet til regionen. Når verksemdene i regionen skal rekruttere arbeidskraft ønskjer dei ofte personar med ein eller annan form for tilknytning. Vi har heldigvis mange gode døme på arbeidskraft utan tilknytning er stabile resursar for arbeidslivet i regionen, men regelen er nok at dei med ein viss tilknytning er mest stabile.

Det er store kostnader knytt til rekruttering, både knytt til sjølve prosessen og i form av opplæring. I dette biletete ønskjer ofte arbeidsgjeverar ein stabilitet, sjølv om ein også verdest fornying og stimulans nye arbeidstakerar ofte fører med seg.

I dette bildet er årskullutviklinga i Vest-Telemark særleg alvorleg, og underbygger behovet for å jobbe aktivt med marknadsføring av Vest-Telemark som ein felles bu- og arbeidsmarknad.

Figuren under viser årskullutviklinga i Vest-Telemark i perioden 1950 - 2009.



Figuren viser relativt høge fødselstall ut mot 1970 talet slik vi såg for landet totalt. Nedgangen utover 1970 talet er den same, men det som skiller Vest-Telemark frå landet forøvrig er fråværet av oppgang mot slutten av perioden. Medan landet totalt har hatt ei auke i fødselstal sidan slutten av 80-talet, har utviklinga i Vest-Telemark bare gått nedover. Pr 2010 ligg vi på eit fødselstal i regionen på ca 150 mot over 300 i etterkrigstida.

Utfordringa alderssamansettinga i arbeidsstokken er ein av dei klåraste konklusjonane frå Rekrutteringsprosjektet 2007 - 2010. Vi ser at denne trenden aukar i omfang, og at situasjonen kan bli svært utfordrande om ein ikkje lukkast i å auke attraksjonen i arbeidsmarknaden.

Bildet som er presentert for Vest-Telemark er likt for mange delar av landet. Saman med ei sterk sentralisering, vil konkurransen om inbyggerar og arbeidstakerar auke i tida framover. Skal Vest-Telemark klare å oppretthalde tenestetilbodet i offentleg sektor samt sikre arbeidskraft til næringslivet må ein sikre rekruttering og busetting. I dette ligg kjernen i prosjektet :

"Arbeidsmarknaden i Vest-Telemark må framstå som attraktiv og allsidig. Ein må få fram mangfaldet i ein samla region dersom arbeidsplassane skal oppfattast som attraktive nok for dagens unge. Mangfaldet må kommuniserast ut i ei form som råkar eit landskap der svært mange regionar og kommunar er ute i same ærend. Utvikling av eksisterande og nye arbeidsplassar må fokusere på attraksjon og fleksibilitet. Arbeidsmarknaden i Vest-Telemark må framstå som attraktiv for dei som har tilhøyrighet til regionen, men også for andre grupper dersom ein skal lukkast med å rekruttere behovet".

NHO si bærekraftsanalyse av regionar og kommunar i Norge - Kor går utviklinga ?

I dag utgjør pensjonistar, dvs. aldersgruppa 67 + 16,8 % av den yrkesaktive befolkninga i alderen 20-66 år i Vest-Telemark. Ved framskriving av alderssamansetting med utgangspunkt

i SSB sin midle framskrivingsmodell vil dette talet vere 42,5 % i 2030. Talet er eit resultat av alderssamansettinga i regionen, samt at ein forventar ein nedgang i yrkesaktiv befolkning på 5 % i perioden frå 2011-2031. Som det går fram av tabellen under vil Vest-Telemark vere den 9. dårlegaste stilte regionen på dette feltet av landets 83 regionar i 2030.

20 beste regionene

Region	Folketal 2011	Yrkes- befolkn. % vekst 2011- 2031	Pensjonisters andel av yrkesbe- folkningen	
			Prosent 2010	2030
Øvre Romerike	89 995	34,3	11,0	26,4
Stavangerregionen	291 584	34,2	9,8	22,7
Bjørnefjorden	23 455	30,5	11,6	28,7
Nedre Romerike	159 894	30,2	11,3	26,6
Øygarden og Sotra	32 785	28,9	9,2	27,2
Nordhordland	31 284	28,0	12,5	29,9
Drammensregionen	170 508	25,7	12,5	28,7
Oslo	599 230	25,5	10,1	18,8
Sørlandet	128 230	24,5	12,0	26,9
Bergen og Askøy	285 994	24,3	12,1	25,2
Hitra/Frøya	8 666	23,7	16,1	32,4
Haugalandet	98 927	23,3	12,6	28,7
Ålesundregionen	73 183	21,7	13,0	30,1
Stjørdalsregionen	26 700	21,2	13,8	32,6
Trondheimsregionen	211 081	20,8	11,0	24,8
Dalane	23 448	20,6	13,1	30,9
Follo	127 691	20,6	11,4	30,6
Mandalsregionen	24 483	20,0	13,3	32,1
Mosseregionen	56 210	18,4	14,1	32,3
Akershus Vest	168 073	17,5	12,8	29,6

20 svakeste regioner

Region	Folketal 2011	Yrkes- befolkn. % fall 2011- 2031	Pensjonisters andel av yrkesbe- folkningen	
			Prosent 2010	2030
Glåmdal	53 182	-1,0	17,7	43,7
Fosen	25 827	-1,7	17,1	43,5
Ytre Helgeland	3 696	-1,8	17,7	40,7
Lofoten	23 636	-2,0	15,7	40,8
Indre Helgeland	34 857	-2,2	15,5	39,3
Valdres	17 933	-2,6	17,1	42,6
Fjellregionen	23 802	-2,6	17,8	44,9
Sør-Helgeland	13 126	-3,2	15,4	41,5
Øst-Finnmark	25 915	-3,2	13,9	35,8
Sør-Troms	31 264	-3,9	14,7	38,7
Vesterålen	3 2231	-5,0	16,3	42,4
Vest-Telemark	14 189	-5,0	16,8	42,5
HALD*	12 554	-6,1	14,9	43,0
Indre Troms	9 444	-6,4	16,8	42,2
Nord-Gudbrandsdal	19 367	-7,5	18,5	46,5
Ofoten	25 669	-8,1	16,5	42,6
Nord-Troms	16 149	-8,7	16,5	45,0
Indre Namdal	8 632	-9,1	19,0	47,5
HAFS**	10 553	-10,5	18,6	49,7
Midt-Finnmark	14 243	-17,0	13,1	42,7

Hald*: Herøy, Alstahaug, Leirfjord, Dønna.
Hafs:** Askvoll, Fjaler, Gulen, Hyllestad, Solund.
Kilde: NHO/SSB Middels nasjonal vekst.
Yrkesbefolkningen: 20-66 år. **Pensjonister:** +67 år.

For å illustrere:

Dersom det i dag var 1000 yrkesaktive personar i alderen 20-66 år, ville det vere 168 pensjonistar over 67 år. I følge prognosene skal tilsvarende i 2030 vere at dersom det er 1000 yrkesaktive personar i alderen 20-66 år, skal det vere 425 pensjonistar over 67 år.

Det seier seg sjølv at denne utviklinga skapar svært store utfordringar for heile samfunnstrukturen i Vest-Telemark framover. Ein aldrende befolkning vil medføre større press på helse- og eldretenester. Det vil bli behov for å rekruttere fleire fagfolk til desse sektorane, og ein større del av kommunanes resursar må gå til dette feltet.

Samstundes vil situasjonen medføre at mange jobbar i øvrig offentleg sektor og heile privat sektor vil bli ledige. Skal ein oppretthalde verdiskaping, vekst og utvikling, er ein heilt avhengig av at ein evnar å rekruttere kompetent arbeidskraft til både privat og offentleg sektor. Ein er også heil avhengig av å utvikle ein attraktiv jobbmarknad i særleg privat sektor slik at samla attraksjon i arbeidsmarknaden vil vere god.

Med bakgrunn i analysa er prosjektet innretta mot nyskapande og auka aktivitet i for å marknadsføre og utvikle hile Vest-Telemark som ein felles bu- og arbeidsmarknad.

1.2 Prosjekt mål

Hovudmål:

Bidra til å sikre tilgang på kompetent arbeidskraft til offentleg og privat sektor i Vest-Telemark

Delmål:

- Synleggjere mangfaldet og attraksjonen i heile Vest-Telemark, som ein felles arbeidsmarknad. Oppdatere fagstoff og framskrivingar kring utvikling i arbeidsmarknaden.
- Sikre/auke tilfanget av kvalifisert arbeidskraft for private- og offentlege arbeidstakerar i Vest-Telemark.
- Direkte arbeid med arbeidsgiverar ifht. rekruttering. Synleggjere arbeidsgiverar for potensielle arbeidstakerar gjennom ulik informasjons- og marknadsføringsaktivitet.
- Vidareutvikle webbaserte marknadsverktøy knytt til nettstaden **www.telejobb.no**, som regionens viktigaste synleggjering av den regionale arbeidsmarknaden. Telejobb.no utviklast som ein del av Vest-Telemark portalen.
- Stimulere til kunnskap og attraksjon kring arbeidsmarknaden gjennom tilrettelegging av ulike profileringsarrangement, særleg retta mot ungdom med tilknytning til Vest-Telemark.
- Sikre god integarsjon mellom arbeidsliv og offentleg arbeidsformidling (NAV)
- Sikre kommunikasjon og tilrettelegging for rekruttering av utanlandsk arbeidskraft, primært gjennom samarbeid med NAV Eures.

1.3 Rammer

Prosjektet skal gjennomførast over ein 3,5 - årsperiode, frå juni 2011 og ut 2014. I tillegg har prosjektet hatt ein overgangs/planleggingsperiode gjennom haust 2010/ vinter 2011. Prosjektperioden i 2011 ver rekna som forprosjektfase.

Prosjektet skal gjennomførast innanfor ei total økonomisk ramme på 1,8 millionar kroner.

2. OMFANG OG AVGRENSNING

Prosjektet organiserast etter PLP modellen:

PE: Vest-Telemark Rådet

PA: Næringsgruppa i Vest-Telemark/ Styret i VTNF

PL: VTNF v/ dagleg leiar

3. ORGANISERING

3.1 Prosjektledelse

VTNF v/ dagleg leiar.

Vest-Telemark Næringsforum er ei bedriftsforeining for private verksemdar i Vest-Telemark. Foreininga vart starta i 2006. Per mars 2011 har foreininga ca 110 medlemsverksemdar og representerar ca 1500 arbeidsplassar i privat sektor, som tilsvarar ca 40 % av private arbeidsplassar i regionen. Foreininga er i vekst.

VTNF har ut frå sin funksjon som regional aktør, med såpass stor del av næringslivet i medlemsmassa, blitt valt av VT Rådet til å vere prosjektleiar for prosjektet. VTNF var også prosjektleiar for Rekrutteringsprosjektet 2007-2010.

3.2 Øvrige roller

Styret i VTNF vil fungere som ei referansegruppe for prosjektet. I tillegg ønskjer ein av den nyoppretta næringsgruppa også kan vere ei referansegruppe for prosjektet. I tillegg vil prosjektet ha eit formalisert samarbeid med følgjande innstansar:

- NAV Marknadsnettverk for Vest-Telemark (2 - 3 møter/år)
- Regionale utviklingsaktørar gjennom prosjektsamarbeid, primært VTNU web-ansvarleg og Bygdelivsmeklar gjennom prosjektet Bulyst.
- Kontakt med Vest-Telemark kommunane.
- Rapportering og løpande kontakt med VT Rådet som prosjekteigar.
- SIViT - Samhandlingsforum for Innovasjon og Verdiskaping i Telemark. VTNF er fast deltakar i forumet og vil nytte dette som referanse for diskusjon av generell problemstillingar knytt til prosjektet.
- Kopling til formelle og uformelle nettverk, bl.a. sosiale medie som Facebook.

4. BESLUTNINGSPUNKT

4.1 Beslutningspunkt

Prosjektstart forprosjekt:

- Vedtak Strategisk næringsplan 29. mars 2011
- Avklaring av ansvar - tildeling av oppdragsbrev frå VTR 14. april 2011.
- Endeleg handsaming av prosjektplan 24. mai 2011
- Forprosjektfase juni 2011 - januar 2012. Avventing finansiering av tiltak i Strategisk Næringsplan.
- Beslutning om vidareføring av samarbeid kring felles Yrkesmesse ved VT VGS - 30. oktober 2011 - for perioden 2012, 2013, 2014
- Revidert prosjektsøknad klar 30. januar 2012
- Avtale om utvikling og drift av Telejobb - mars 2012

- Marknadsføringskampanje - Telejobb - ferdigstilt plan for beslutning og ev. framstilling for ekstern finansiering - oktober 2012
- Evaluering av telejobb.no - fornying: Oppstart januar 2012 - slutført 1. runde innan 1. juli 2013.
- Marknadskampanje, februar/mars 2012 - februar / mars 2013
- Avklaring om framtidig drift mars 2014.
- Prosjektslutt desember 2014

5. RISIKOANALYSE OG KVALITETSSIKRING

5.1 Kritiske suksessfaktorer

Målsettinga om å sikre kompetent arbeidskraft til offentleg og privat sektor i Vest-Telemark er svært utfordrande. Som nevnt i kapittel 1.1, vil rekruttering av arbeidskraft skje i kraftig konkurranse dei neste åra. Mange brukar store resursar på nettopp same mål som dette prosjektet. Det er difor vesentleg at arbeidet i prosjektet evnar å trekke i retning med andre initiativ for å sikre rekruttering og busetting i regionen. Av kornkrete kritiske suksessfaktorar ser ein følgjande:

- Sikre stor nok oppslutning kring www.telejobb.no, slik at dette faktisk blir oppfatta som attraktivt og ei synleggjering av arbeidsmarknaden i regionen. Dette gjeld både frå aktør/arbeidsgiversida og blant jobbsøkande.
- Sikre god dialog med private- og offentlege arbeidsgiverar for å oppnå tilslutning kring ambisjonen om å marknadsføre Vest-Telemark som ein felles arbeidsmarknad.
- Gjennomslag for utadretta verksemd. Dette vil mellom anna kreve tilstrekkelege resursar knytt til marknadsføring og profilering. Prosjektet er avhengig av å nytte meir enn egne rammer for å nå ut med budskapen.
- Faktisk utvikling i arbeidsmarknaden som sikrar utvikling av attraktive jobbar. Dette vil i stor grad vere avhengig av lønsemd i privat sektor, evne til innovasjon og fokus på attraktive fagmiljø i både privat- og offentleg sektor.

6. GJENNOMFØRING

6.1 Hovedaktiviteter

Administrasjon, vedlikehald av [Telejobb.no](http://www.telejobb.no)

Portalen www.telejobb.no er etablert og vart lansert offentleg i samband med Vest-Telemark Treffet 29. april 2010. Ved oppstart var det registrert ca 20 arbeidsgiverar i basen, der ein ved hjelp av eit søkeverktøy kan få fram aktuelle arbeidsgjeverar i heile Vest-Telemark innan ulike kompetansefelt.

I prosjektet skal sida vidareutviklast. Sida vil bli kobla direkte mot fellesportalen for Vest-Telemark, slik at ein naturleg ved søk etter informasjon om Vest-Telemark, vil komme i kontakt med [telejobb.no](http://www.telejobb.no). Etter lansering har [telejobb](http://www.telejobb.no) hatt ein minimumsaktivitet i påvente av avklaring om nytt prosjekt, men verktøyet er halde vedlike og utvikla med ny form i ny protal. Ein vil ved prosjektstart derfor kunne gå rett på arbeidet med å rekruttere nye arbeidsgiverar inn i sida samt marknadsføre [telejobb.no](http://www.telejobb.no) for aktuelle målgrupper.

I tillegg til eit spesiallaga bedriftssøk samt eit direkte søk på ledige stillingar her og no, vil telejobb.no ha nyttig informasjon arbeidsmarknaden i regionen samt øvrig relevant informasjon og nyhetssaker for potensielle arbeidstakerar til regionen. Gjennom samlokalisering med Vest-Telemarkportalen sikrar ein eit levande og oppdatert webmiljø.

Arbeidet med drift av protalen skal driftast av VTNU v/ WEB ansvarleg. I tillegg vil det bli nytta eksterne resursar til oppsøkande verksemd blant arbeidsgiverar i Vest-Telemark. VTNF vil stå fagleg ansvarleg for den samla satsinga i telejobb.no.

Generell oppdatering av fagstoff og presentasjonsmateriell knytt til utvikling i arbeidsmarknaden i Vest-Telemark

Både på websidene telejobb.no, i kontakt med arbeidsgiverar og ved anna utadretta verksemd treng vi innhald i budskapet om moglegheitane i arbeidsmarknaden i regionen. Ein del av prosjektarbeidet vil såleis tilrettelegge og tilpasse fagstoff om utvikling i arbeidsmarknad, næringsliv og folketal. Dette vil danne grunnlag for presentasjonar, nyhetssaker på web etc. Ein vil i stor grad innhente og bearbeide relevant fagstoff frå ulike FoU-institusjonar, der samarbeidet mot Telemarksforskning i Bø er særleg godt.

Med bakgrunn bearbeida fagstoff skal ein søke å sette problemstillinga på dagsorden gjennom utadretta verksemd. Målet er å skape ein inntrykk av mange moglegheitlar framfor dystre utsikter.

Bedriftskontakt - oppdatering

Sida telejobb.no har mål om å synleggjere 100-200 arbeidsgiverar i bedriftsportalen. Direktekontakt med private arbeidsgjevarar for kartlegging av av kompetansebehov, oppdatering av profil samt forankring vil i så måte vere ein vesentleg del av arbeidet. I tillegg reknar ein med ei årleg oppdatering av eksisterande opplysningar for å sikre at alle data er korrekte. Det vil bli laga ei nyhetsbrevteneste mot dei verksemdene som er involvert med relevant informasjon om aktivitet etc. 3 - 4 gonger per år. For prosjektet vil det vere ei målsetting å utvikle gode kommunikasjonsrutiner som kan vidareførast i ei eventuell seinare driftsfase.

Kommunekontakt - oppdatering

Tilsvarende som for det private næringslivet er dei offentlege arbeidsgivarane i regionen ein svært viktig del av den samla arbeidsmarknaden. Direktekontakt med offentlege arbeidsgjevarar for kartlegging av kompetansebehov, oppdatering av profil samt forankring vil vere ein del av arbeidet i prosjektet. På lik linje med verksemdene vil ein også gi ein generell informasjon til arbeidsgivarane i offentlig sektor gjennom nyhetsbrev. For prosjektet vil det vere ei målsetting å utvikle gode kommunikasjonsrutiner som kan vidareførast i ei eventuell seinare driftsfase.

Tilrettelegging for deltaking på NAV Eures arrangement (2-3 i løpet av prosjektperioden)

Det er eit godt samarbeid med NAV Eures - og prosjektet vil legge til rette for større deltaking på utanlandske jobbmesser. Skal ein sikre tilstrekkeleg arbeidskraft i framtida må ein også gjere dette gjennom arbeidsinnvandring. Konkret vil ein 1 - 2 gonger per år informere om aktuelle messer, som ei forsøksordning for seinare å kunne ha meir løpande

kontakt direkte mellom NAV Eures og arbeidsgivarar i Vest-Telemark. Det kan vere aktuelt for prosjektet å skipe til felles deltaking på 2-3 messer i løpet av prosjektperioden, avhengig av relevans og interesse.

Jobb- og yrkesmessa ved Vest-Telemark Vidaregåande skule - vidareutvikling av arrangementet som eit utstillingsvindaug for arbeidsmarknaden i regionen

Haldningsskapande arbeid mot ungdom er svært viktig med tanke på langsiktig rekruttering. Rekrutteringsprosjektet 2007 - 2010 etablerte saman med Bygdelivsmeklaren og Vest-Telemark Vidaregåande skule eit opplegg kring den tradisjonelle Yrkesmessa ved Dalen, som i langt større grad synleggjorde arbeidsmarknadsmoglegheitane i regionen. Messa i februar 2011 var tredje gong dette konseptet vart prøvd, og nytt prosjekt ser det som særskilt viktig å vidareutvikle dette som ein viktig arena.

Tilrettelegging - øvrige profileringsarrangement (som td. Vest-Telemark Treff)

Rekrutteringsprosjektet 2007-2010 blåste saman med Bygdelivsmeklaren liv i Vest-Telemarktreffet der ein gir potensielle heim- og tilflyttrar ein smak av regionen på ei tilstelling i Oslo. Prosjektet 2011-2014 vil vidareføre denne aktiviteten i samarbeid med Bygdelivsmeklaren/Bulystprosjektet. Trefftidspunkt er tenkt på hausten, men ein vil revurdere tidlegare form for ytterlegare å treffe definert målgruppe. Prosjektet vil også vere ein pådrivar for tilsvarande prosjekt.

I tillegg til VT Treffet vil prosjektet legge til rette for målretta rekrutteringsframstøt mot relevante studiestader i Norge. Ut frå ulike kompetansebehov vil ein søke å vere representert på minimum 3 studiestader i regi av prosjektet i løpet av prosjektperioden.

Vidareføring av integrasjon med NAV marknadsnettverk - Vest-Telemark

Etter NAV reforma har arbeidsmarknadsjobben i Vest-Telemark blitt omorganisert og er pt. representert i kvar kommune. NAV Marknadsnettverk har til ei kvar tid oversikt over sysselsettinga i regionen. Prosjektet ønskjer å vidareutvikle eit samarbeid med denne etaten, gjennom informasjonsutveksling i møter 2 - 3 ggr. pr. år. Slikt samarbeid er også ønska frå NAV.

Rapportering/samarbeid - VT Råd og Næringslivet i kommunane

Rapportering til VT Rådet 2 ggr. per år, eller etter ønske/behov. Løpande kontakt og orientering til referansegruppene.

7. ØKONOMI

Føresetnader:

Timepris for administrative tenester utført av VTNF: 690 kr/time. Innkjøp av eksterne tenester på bakgrunn av estimat/erfaringstall. Prosjektvarighet: 3,5 år frå juni 2011.

Prosjektaktivitet	Detalj	Beløp
Prosjektsplanlegging	- Utvikling av konsept, planlegging og utvikling gjennom 2010/2011. Opprettholding av grunnaktivitet. 120 t + eksterne kostnader	100.000
Administrasjon, drift og utvikling av Telejobb.no	- Oppdatering, vedlikehold, publisering, grafisk produksjon. - Teknisk utvikling - nye funksjonar , bla. integrasjon sosiale netverk - Marknadsføring, promotering - Vidareutvikling - konsept/profil - Abonement - portalplass	245.000 40.000 160.000 40.000 30.000
Bedriftskontakt - oppdatering	80 t pr år Kampanje 2012	165.600 70.000
Kommunekontakt - oppdatering	30 t pr år	62.100
Tilrettelegging NAV EURES	50 timar pr år (tilsvarar 1 messebesøk pr år) Reisekostander	103.500 51.000
Jobb - og yrkesmesse	60 timar pr år Marknadsføringskostnader - 3 år (andel messeavis)	124.400 60.000
Profileringsarrangement	70 timar pr år Marknadsføring	144.900 75.000
NAV Marknadsnettverk	20 timar pr år	41.400
Rapportering/samarbeid	50 timar pr år	103.500
Prosjektleiing	Herunder, rekneskap, adm, generell reisekostnad, driftskostnader , utvikling av fagstoff ++	183.600
Sum		1.700.000

Finansieringsplan:

Finansieringskjelde	Status	Beløp
Avsett frå Fellesfondet til tiltak i Strategisk Næringsplan. (Bl.a ikkje nytta RDA midlar)	Avsett til gjennomføring av strategisk Næringsplan for Vest-Telemark 2011 - 2014.	750.000 - total 250.000 - 2012 250.000 - 2013 250.000 - 2014
Telemark Fylkeskommune	Avhengig av handsaming og utvikling i arbeidet med strategisk næringsplan.	750.000 - total Omsøkast 250.000 2012 250.000 - 2013 250.000 - 2014
Eigendel	OK	300.000

Kvitesied 22. januar 2012
Olav A. Veum
Vest-Telemark Næringsforum